



Anbjørn Høvik er planleggjar i kommunen

**Arbeidet med arealstrategien i sentrum held fram og under møtet til Uskedalen Utvikling i kveld orienterte planleggjar Anbjørn Høvik i kommunen om justeringar som er skjedd sidan det siste møtet. Ein av dei er forlenga gang- og sykkelveg mot barnehagen og ein annan flytting av gang- og sykkelveg til sørsida**

**av fylkesvegen.**

**Ein tredje justering av dette nettet er gang- og sykkelvegkøpling mellom denne vegen og fylkesveg 54. Det er no også forslag om gangbru over vegen.**

Det er i tillegg forslag om opning av innkøyringa til kyrkja på sørsida av torget (langs blomebutikken) og det vert foreslått bustad mellom skulen og busstoppen.

Også på delar av 123/8 er det foreslått bustad og planleggjarane vil ha grønt på fleire eigedomar. Som tidlegare vert det føreslege sikring av dei største jordene i sentrum til landbruk.

Skårhaug, Geilo og Nausthaugen bør fortettast og ein bør vurdere nye bustadområde opp mot jordvern rundt Nausthaugen 1 og vest for busstoppen. Bustader for eldre bør byggjast i sentrum og langs Geilo.

Som før det det ynskjeleg at ålmenta vert sikra tilgang til badeplassen ved campingen og nedanfor skulen.

Fleire var opptekne av at det vert sikra fleire parkeringsplassar for skulen og at skuleplassen vert stengt for å redusere faren for ulukker. Eit forslag er parkering ned mot sjøen.

Ein annan programpost i dette møtet var omfanget av sommartrafikken og Bente Nilsen i Spar var kjempefornøyd.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen